# Bokn Bygdablad

Nr. 8 oktober 2010 – Årg. 25





Innsamlingsrekord – s. 4



Gatebilklubben – s. 6



Partnerskapsavtale – s. 14

25 år

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN

# Bokn Bygdablad

**www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no**

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skule-elevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidar:** Annette Bokneberg

**Bygdabladnemnd**
Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

**Foto, omslag:**
Stephan Haram


**Gjeldande annonseprisar (netto)**

| | |
|---|---|
| Heilside | kr. 500,- |
| Halvside | kr. 300,- |
| Kvartside | kr. 150,- |
| 1/8 side | kr. 100,- |
| Privatann. | kr. 50,- |
| Fast-/fargeann. | etter avtale |



STORT FRAMSIDEBILDE:
Haust ved Krovatnet
Foto: Kjetil Hamre



# ORDFØRAREN HAR ORDET

*Kjære sambygding*

**Minibuss**
Formannskapet vedtok samrøystes i møte 19. oktober å kjøpe inn ein minibuss som mellom anna skal stillast til disposisjon for lag og organisasjonar i Bokn. Spørsmålet om innkjøp av ein kommunal minibuss har stadig blitt tatt opp, både av politikarar og av innbyggjarane i kommunen. Minibuss har fleire ganger blitt spelt inn som eit av fleire trivselsfremjande tiltak i samband med kommuneplankonferansar på byrjinga av 2000-talet. Også boknaungdommen har fleire gonger markert eit ynskje om eit slikt transportmiddel i kommunen.

Behov og bruksområde for ein minibuss i Bokn er kartlagt og danna grunnlaget for den politiske saka. Lag, organisasjonar og kommunal verksemd blei kontakta for å danna eit bilete av moglege bruksområde. Utifrå tilbakemeldingane kunne ein konkludera med at det var eit breidt spekter av bruksområde ein såg for seg i høve ein minibuss.

Mellom anna ser ein for seg at ein minibuss vil vera eit flott tilskott til aktiviteten ved sjukestova ved at ein kan ta ibuarane med på utflukter. Også Dagsenteret og Psykisk helseteneste vil kunne nyttiggjera seg av ein minibuss i forhold til utflukter og transport frå og til Boknatun.



Fritidsklubben "Petra" vil kunne ha stor glede av fellestransport i samband med kulturarrangement, kurs, friluftsturar, skiturar, kino, bowling, konsertar og klubbkveldar der arrangementet er i annan kommune. Tilsvarande bruksområde gjeld også for organisasjonar som Bokn idrettslag, Bokn sanitetsforening, Bokn pensjonistforening og Bokn Røde Kors, for å nemne nokon.

Administrasjonen vil førebu innkjøp av minibus, som skal vera tilrettelagt for rullestolbrukarar, og utarbeida eit reglement i forhold til bruk og ansvar. Ein vil også vurdera om ein etter vedtekne kriteriar skal kunne opna for å leiga ut minibussen til private føremål.

Minibuss som blir stilt til disposisjon for lag og organisasjonar og kommunal verksemd, er blitt eit vanleg kommunalt tilbod i stadig fleire kommunar landet rundt. Utifrå tilbakemeldingane i Bokn, trur eg ein minibuss vil vera eit kjærkome tilbod også her, med mange bruksområde. I tillegg har det ein eigenverdi for boknaungdommen å kome til fotballcup i "eigen buss".
Eg håpar dette tilbodet blir godt tatt imot, og at flest mogleg lag og organisasjonar ser seg tent med å bruke minibussen.

**Barnevernssamarbeid**
Dei siste 10 åra har seks av kommunane på Haugalandet, inklusiv Bokn kommune, delteke i prosessen med å etablera Haugaland Interkommunale Barnevernssamarbeid – BAS. I fyrste omgang var BAS eit treårig tidsavgrensa prosjekt som skulle gå ut 2002. Etter dei tre fyrste åra som prosjekt, vedtok kommunane å vidareføra BAS.

Styret i BAS har dei siste åra brukt lang tid og store ressursar på prosessen for å kunne legga fram eit felles forslag om etablering av eit fullintegrert barnevernssamarbeid for BAS-kommunane. Bokn kommune har vore ein av pådrivarane for eit samarbeid, som ville kunne ha utvikla seg til ei robust og stabil barnevernsteneste med stor fagleg utvikling hjå medarbeidarane og god kvalitet på barnevernsarbeidet. Med eit slikt samarbeid ville ein stå godt rusta til å møte stadig nye krav og arbeidsoppgåver frå statleg mynde, innføre eit fagområde som er tungt å driva for dei fleste kommunane.

Dessverre klarte ein ikkje å kome fram til eit forslag om etablering av eit felles barnevern for BAS-kommunane, mellom anna fordi ein møtte sterk fagleg motstand i ei av deltakarkommunane. Eg trur barnevernet og kommunane hadde alt å vinna på eit interkommunalt samarbeid, mellom anna fordi ein då kunne ha sikra eit kvalitativt godt og stabilt barnevern med høve til å auka kapasiteten på ressurssida. I tillegg kunne ein arbeida for å lettare kunne behalda og rekruttera fagfolk og auka kompetansen gjennom planmessig opplæring og utviklingsarbeid.
Barnevernet er eit såpass ressurskrevjande tenesteområde, at nesten ingen av Haugalandskommunane framover vil makta å drifte dette åleine.

Det gledelege er at Tysvær kommune, i kjølvatnet av BAS, har opna for å inngå eit barnevernssamarbeid med Bokn, Sveio og Utsira. Ein opnar også for eit samarbeid når det gjeld PPT-tenesta. Bokn kommune har per i dag avtale med Tysvær kommune om kjøp av barnevernstenester. Dette er eit samarbeid som fungerar godt. Det er også dialog med sistnemnde for å få avtalefesta samarbeid når det gjeld PPT-tenester. Eg trur det nå er viktig å jobba for å inngå i eit robust samarbeid, framføre ei utbygging av eit eige barnevern. Spesielt med tanke på posisjonering i høve til den framtidige samhandlingsreforma.

*Ordføraren*

# Frimerket som vekker gode minner

Kjetil Hamre

**Eg tok meg ein prat med Berta Våge (87) i samband med at mannen hennar, Mikael, er avbilda på Norsk Sjømannsforbunds 100 års jubileumsfrimerke.**

**- Mannen din døydde jo ganske tidleg, korleis var det plutseleg å få han på eit frimerke?**
- Nei, det kan du sei. Det ringde ein kveld. Det var ei dama som ringde og sa ho var frå Rederiforbundet, og at dei hadde leita i arkivet etter eit bilete som kunne brukast til 100 års jubiléet, eit bilde som skulle symbolisera det å sjå framover.

Eg hadde jo ikkje sett biletet, men rekna jo med at det var bra. Ikke noko i vegen med det. Men eg hugsa ikkje meir av samtalen, for eg vart svært overraska, det var så utruleg.
Om morgonen tenkte eg at eg ikkje måtte fortelja det til andre, for eg hadde sikkert drøymt.

**Oslo-invitasjon**
Men ut over dagen ringde dei i frå Posten og takka for at dei skulle få bruka biletet, og inviterte Berta til Oslo for å vera med på jubileumsfest. Ho sa ja, men visste at helsa nok ikkje ville tillata det.

Ho skulle få ei påskjønning frå Posten med diverse innhald. Berta seier at ho aldri har vore interessert i frimerker, men visste at det blant anna inneheldt eit fyrstedagsstempel. Kort omtale og anna frimerkerelatert stoff fulgte også med.

Det kom nytt brev frå han som hadde designa frimerket, og han var svært fornøgd. Dotter og barnebarn sa seg villige til å vera med til Oslo, men Berta var bestemt på at ho var for skrøpeleg til slike turar.

**Omtanke**
Berta er veldig imponert over all omtanke Posten og Sjømannsforbundet har vist henne i samband med frimerkeutgjevinga.

Ho viser meg ein konvolutt med all korrespondanse og gåver frå Posten
- Biletet var slik at eg skulle tru han var der i levande live, seier ho.
Journalisten fekk ein koseleg gjennomgang av alt materialet og mimra saman med Berta.

**- Eg reknar med at det vekte ein del minner å sjå frimerket?**
- Ja, det er klart det gjorde det, mest godt, litt sårt at han ikke skulle få oppleva det.



**Berta Våge**

**Tålmodig, kjærleg og omgjengeleg**
Det var trist at han fekk vera så lite heime. På nattura hadde han fri ein laurdag og to veker i året. Dette betra seg litt etterkvart. På båten hadde han fire timar vakt og åtte av.
Han hadde også fri ein del sundagar då båten lå til hamn.

Berta og Mikael hadde tre barn saman.
- Då båten la til i Føresvik, fekk eg og ungane ofte ein god klem, hugsar Berta, og held fram:

- Det var kjekkare då han kom heim. Me kunne vera med til Bergen av og til. Han var veldig tålmodig, kjærleg og omgjengeleg. Sjølv om han var lite heime, var han alltid til stades for borna då han var hjå oss, fortel ho, og tykkjer det er stort at Mikael er representant for heile Sjømannsforbundet.

Den eldste dottera gjekk til Postkontoret for å få førstegongsstempel. Då var det få igjen, så då den yngste dottera trappa opp, var det for seint.

Mikael var også på Bokn-ferja ("Gullhønå") etter at han slutta på nattruta.

**- Var du klar over at dette bildet var tatt?**
- Nei, det var eg ikkje. På biletet skal dei vel akkurat til å kasta loss, tenkjer eg. Mikael treivst veldig godt og det var ein god arbeidsplass. Dotter vår budde i Bergen ein periode, og då var det gjevt å kunna ta turen med nattruta.

Minnene held fram; - Mikael rodde fiske heime etter konfirmasjonen og fekk jobb hjå reiarane i Alvestadkroken etterkvart.
Han var også på Bergensfjord mellom Bergen og Oslo, og då var det ikkje like lett å treffast.

- Eg hugsar godt i eit voldsomt uvér då eg ikkje fekk høyre frå han. Det var både nifst og urovekkjande. Då hadde Bergensfjord mått søkja naudhamn på sørlandskysten, og der var dei utan telefon til å melde frå.
- Eg var alltid redd når det var uvér, minnest Berta tungt.

**Ein hyggeleg prat er over, og eg håper minnene Berta fekk etter frimerket skal vera gode og klåre i mange år framover.**

**Berta trivst godt i omsorgsbustadene og tykkjer livet er ganske så godt.**

Norsk Sjømannsforbund feirer 100-årsjubileum i 2010, og 15. september gav Posten ut eit flott jubileumsfrimerke.

***MOTIV:***

***Båtsmann Mikael Våge om bord på M/S Stavanger" (1973)***





# Fantastisk innsamlingsrekord!



Jardar Havikbotn

**Rekordstore beløp frå bøsser og Bokn kommune, samt mange gåver førte til ny rekord i innsamla totalbeløp til TV-aksjonen.**

32 barn og vaksne var 24. oktober ute med 20 bøsser i samband med årets TV-aksjon, "På flukt fra krig". Det blei samla inn 69.625 kr. - noko som er ein ny fantastisk bøsserekord!
Saman med det store skulebasarbeløpet og 27.000 kr. i andre gåver, kunne folk i servicetorget jubla over ny innsamlingsrekord. **Den forrige rekorden frå i fjor blei slått med heile 43.870 kr.**

Ordførar Kyrre Lindanger var ein av dei som smilte frå øyra til øyra.
- Eg har i haust lurt på korleis me i Bokn skulle kunne slå fjorårets gode resultat, men med god margin har me klart det. Det imponerar meg at me har nye rekordar i år på alle område; bøssebeløp, gåver frå lag og organisasjonar, totalbeløp og beløp per innbyggar. Gjevargleda har vore enorm og over all forventning. I tillegg har rekordmange brukt av fritida si for å gå med bøsser, og det er me i kommunekomitèen svært glade for, fortel ein svært glad ordførar til Bokn Bygdablad.



**Hans Alvestad (tv.) og Edvin Øvrebø sprettar kvar si kake etter å ha vore ute med innsamlingsbøsser.**
**Foto: Kjetil Hamre**

**Desse laga var representerte i bøssebærarjobben:**
Bokn idrettslag
Bokn sanitetsforening
Bokn Røde Kors
Bokn mållag
Det Norske Misjonsselskap, avd. Bokn
Bokn musikkorps
Bokn mållag

**Pund, euro og flaxlodd**
Fornøgde bøssebærarar kunne rapportera om stor gjevarglede ute blant folk, sjølv om mange ikkje var heime. Det mangla heller ikkje på kreativite gjevarar. I bøssene fann me både pund, euro og eit ferdigskrapa flaxlodd, med gevinst!



**Heile 14 barn var innom banken/servicetorget på aksjonsdagen. Vaksne og barn saman er statistisk sett dei beste bøssebærarane.**
**Foto: Kjetil Hamre**



**Stolte innsamlarar; Sofie (bak) og Line Øvrebø.**
**Foto: Kjetil Hamre**

**Resultatet i Bokn pr. 29. okt:**

| | |
|---|---|
| Bøsser | 69.625 |
| Skulebasar | 27.147 |
| Bokn kommune | 17.450 |
| Krovågen Hestesenter | 1.000 |
| Bokn hagelag | 1.000 |
| Bokn Røde Kors | 3.000 |
| Bokn musikkorps | 3.000 |
| Bokn mållag | 1.000 |
| Bokn idrettslag | 3.000 |
| Privat gåve | 15.000 |
| Regjeringsgåve | 9.748 |
| **Sum** | **150.970** |

**Blant tre på topp!**
Beløpet tilsvarar 181,67 kr. pr. innb. Dette plasserer kommunen på ein tredjeplass blant dei 10 mest gavmilde kommunane i landet, berre slått av Svalbard og Utsira. For Bokn er resultatet det beste nokon gong, og mange boknarar kan vera stolte.



**Hermine Lindanger (tv) og Eline Øvrebø kom inn med flaxlodd og Euro i innsamlingsbøssene.**
**Foto: Kjetil Hamre**

**Eg vil retta ein stor takk til alle som på ein eller annan måte har bidratt til årets TV-aksjon, avsluttar ordføraren.**

**Kortvarig resultatbykst**
Dagen etter var Bokn ei stund oppe i heile 212 kr. pr. innbyggar, etter at kommunekomitéen hadde mottatt ei stor privat gåve, men så kom beskjeden om at Oslo hadde registrert skulebasaren to gonger, og at Bokn måtte trekkast i beløp.

Det er ikkje uvanleg at det kan bli rot i det enorme apparatet som ”Verdens største dugnad” er, og i følge Fylkesaksjonsleiar i Rogaland, Anne Dorthe Sunde, blir det ofte desember før alle tala er heilt sikre.



**Småskulen starta basaren med kor frå scena.**



**Statistikk for skulebasaren:**

| | |
|---|---|
| 2003 REDD BARNA | 15.490 |
| 2004 HJERTEROM | 10.068 |
| 2005 DRØMMEFANGER | 10.497 |
| 2006 LEGER UTEN GRENSER | 15.668 |
| 2007 SAMMEN FOR BARN | 16.673 |
| 2008 BLÅ KORS | 21.950 |
| 2009 CARE | 28.158 |
| 2010 PÅ FLUKT FRA KRIG | 27.147 |

**Imponert over skulebasaren**

Fylkesaksjonsleiaren var med då Bokn skule vel to veker før aksjonsdagen hadde den tradisjonelle haustbasaren, og ho blei m.a. imponert over engasjementet blant små og store i to hektiske timar ein fredags føremiddag.

- Dere er heldige som kan få til noe slikt, sa ho medan blikket gjekk over ein smikkfull gymsal med barneskuleelevar, ungdomsskuleelevar, foreldre og besteforeldre om kvarandre.

Etter å ha halde ein appell, der Fylkesaksjonsleiaren m.a. viste ein film om barn på flukt frå krig og TV-aksjonssongen "Prisoner of the Road" av og med Sivert Høyem, fekk ho sjå at det foregjekk loddsal langs heile den eine langveggen. Elevar frå mellomsteget selde lodda medan ungdomsskuleelevar stod for kaffi, saft og matsalet på andre sida. Og heilt i byrjinga på basaren song småskulen i kor frå scena, bak eit langbord proppfull av gevinstar.



**Stort engasjement!**

Godt over ein fjerdeldel av alle innbyggarane i Bokn slo seg til ro då trekninga starta kl. 11:30. Då hadde det risla i loddbøker i ein time, som saman med matsal hadde samla inn over 27.000 kroner! Det er slike ting som gir eit lite "kick".

**LITE BILDE: Rektor Ingjerd Ellingsen (tv.) og Fylkesaksjonsleiar Anne Dorthe Sunde, er storfornøgde med at det kom inn 27.147 kr. til årets TV-aksjon.**

# 8. kasse fekk nye bærbare PC-ar ved skulestart

Ingjerd Ellingsen

**6. september dette skuleåret var ti 8.klassingar dei fyrste elevane som fekk heilt nye bærbare PC-ar til skulearbeidet sitt.**



**GODT NØGDE: Fv. Faltin Våge, Sofie Rossebø, Christopher S. Vik, Simen Havikbotn, Joar K. Øvrebø, Stian G. Pedersen, Julie Bokneberg, Zilvinas Nikitinas, Ellen G. Johannessen, Torgils Hognaland.**

**Foto: Jardar Havikbotn**

Desse maskinane skal dei ha ”til odel og eige” – ”lease”- medan dei er elevar på ungdomsskulen. Det var ei høgtideleg stund då skulen kunne gje elevane dei nye maskinane. Dei har skrive under på ein kontrakt om korleis dei skal bruke og ta vare på maskinane dei tre åra dei disponerer dei. Dette at 8.klasse får nye PC-ar, er ein del av Bokn kommune sin IT-plan som er vedtatt.

Erfaringane til nå er at dette fungerer svært bra for både elevar og lærarar og at maskinane er svært gode.

Komande år skal nye 8. klassingar få oppleve det same som desse smilande 8. klassingane fekk oppleve.

# Bokn gatebilklubb – i nye lokale

Elisabet Taraldlien

**Bokn Gatebilklubb starta allereie i 2003. Då hadde klubben ni medlem, og held hus på Tåganes.**
**Det skulle visa seg at den tilhaldstaden etter kvart vart ubrukeleg for klubben. Med anna kom sjørok og regn inn, utstyr og bilar rusta, så klubben ville finna ein annan plass å vere. Uheldigvis viste det seg å vere vanskelig med ny tilhaldstad. Klubben blei lagt ”brakk” i 2006.**

Men interessa for å få klubben opp å gå var stor. I romjula 2008 hadde nye medlem i klubben sitt fyrste møte. Dei diskuterte då kva lokale som kunne vere aktuelle her i kommunen. Dei søkte hjå kommunen om å få nytte den gamle brannstasjonen. Søknaden blei då avslått, kommunen trong lagerplassen.



**FORNØGDE KLUBBMEDLEM I NYTT KLUBBHUS: Bak fv.: Eirik Nedrebø, Kristoffer Nilssen, Kjetil Vatnaland, Alexander Hansen, Odd Kenneth Tollaksen.**
**Framme fv.: Vidar Øvrebø, Didrik Alvestad, Thomas H. Fostenes, Andreas Ytreland.**







**Øvst:**
**Forskalinga til det nye lageret er på plass.**

**Midten:**
**Ferdig lager!**

**Nedst:**
**Rydding i den gamle brannstasjonen.**

**God løysing**
Klubbmedlemma gav ikkje opp håpet om hjelp til lokale av kommunen, så våren 2009 hadde dei på nytt eit møte med Bokn kommune. Gatebilklubben sa då at dei kunne setje opp ein garasje på dugnad, om kommunen ville hjelpe til med tomt oppe på Kyrkjebygd.

Aldersgruppa klubben representerer, har få om ingen fritidstilbod, og at dei kom med initiativ sjølve, blei dei møtt svært positivt med, og forslaget blei tatt vel i mot hjå kultursjef, rådmann, ordførar og ungdoms-arbeidar. Og sidan 15. april 2009, har klubben vore aktiv med å planlegge å prosjektera tiltaket.

Det er snart å bestemme seg, men det tar litt lengre tid å få alt gjort som skal gjerast. I tillegg blei det foreslått at gatebilklubben sette opp eit lager i tilknyting til den nye brannstasjonen, og dermed gjere at den gamle brannstasjonen blir ledig. Det var ei kjempeløysing for ungdommane sin del. Og som sagt så gjort. Arbeidet med teikningar og søknadar starta.

**Hjelpsam snikkar**
Gatebilklubben har motteke stønad frå Frifond (40 000), og har og fått kulturmidlar (30 000), samt dei har bruka medlemskontingent for å betale materiala dei bruka for å setje opp lageret til kommunen. Eirik Våga har vore ein stor ressurs for ungdommane, då han har stilt opp og gitt dei rabattar, jobba dugnad for dei, ja liketil tatt ein dag fri frå jobb, pluss hatt ein snekker med seg, for å setje opp reisverket saman med ungdommane. Heilt fantastisk.

**Mykje dugnad**
Ungdommane har jobba 550 dugnadstimar, og nå i oktober er det klart for innflytting både i lager og garasje.
Bokn gatebilklubb vil takke Arthur Trosnavåg, Kjell Terje Bryningsland, Trond Nedrebø, Bjørnar Bryningsland, Ølen Betong, Optimera, Plastron og Nes Blikkmontasje for støtte og dugnadshjelp.

**Litt om klubben:**
Dei samlast for å gjere det dei likar aller best, nemlig mekke bil! Med det fylgjer sosialt samvær, og dei har ein møteplass for medlemma sine, som er i alderen 16–25 år. Ein kan bli medlem det året ein fyller 16, og det kostar 600.- i året i medlemskontingent. Dei saknar å ha jenter i klubben, så det er berre å komme på besøk!
Før det føreligg ein skriftleg avtale mellom klubben og Bokn kommune, vil gatebilklubbmedlemma presisera at det **skal** vere ro etter klokka 23:00, og dei har og i minne at det er parkeringsplassen til kyrkja som er i bruk. Det tar dei omsyn til.

Til nå er det 16 faste medlem i klubben. Styret består av leiar, nestleiar, kasserar og web & informasjonsansvarleg. I tillegg er det ei eiga nettside, der ein kan lese meir om klubben:

**http://www.bokngatebil.net/**

# Artep

Kjetil Hamre

Med opptaker gikk jeg til Elisabet Taraldlien sitt kontor på biblioteket for å ha et intervju med henne om Artep. Barne- og ungdomsarbeidaren smilte meg i møte.

**Navnekonkurranse**

Jeg starter intervjuet med et spørsmål om opphavet til navnet Artep.

Det kunne Elisabet fortelle meg. Det var en navnekonkurranse som ble holdt, og Celina Bokneberg fant på og vant med navnet. I starten het det Møteplassen, minnes hun. Nå er Artep to år gammel.

- Det var tungt i starten med knappe 10 sjeler som møtte opp. Oppmøtet har gradvis økt og nå kan vi være opp til 35, sier hun.

Aldersgruppen er bred i alder, men med hovedsak på mellomtrinnet.

Det skal sies at Artep er tenkt til å være et tilbud for alle 0-100, men det er sjelden voksne kommer, og er over tid.

**Kulturkafe**

Artep er et godt tilbud til de som ikke søker organisert tilbud.

- Her lar jeg barna gjøre det de vil uten for mye innblanding, men må jeg "sette de i gang" med en aktivitet, gjør jeg gjerne det.

Artep er en kulturkafe, og det er viktig slik jeg ser det- ungdom får danne seg en egen sunn kultur, forteller Elisabet.

- Det hadde vært fint å få til litt kurs for gamle og unge her oppe, men det kunne ikke bli for ofte og heller ikke på bekostning av ungdomsmiljøet vårt.

Det kunne også vært gøy å fått til foreldrekroken der foreldre og voksne kunne sitte og drøse over en kopp kaf-fe. Det jeg savner mest er en fag-



**Barne– og ungdomsarbeidar Elisabet Taraldlien**

person til i tilbudet. To hodet tenker nok av og til bedre, ler hun.

**Gåpå-vilje og humør har i alle fall dama, og Bokn Bygdablad ønsker lykke til i fremtiden.**

# Skuletime på Bokn bygdemuseum

Kjetil Hamre

**Bokn bygdemuseum hadde besøk av 10. klasse ved Bokn skule onsdag 27. oktober.**

I museet møtte dei museumspedagog i Haugalandmuseene, Tove Selås, med eit interessant pedagogisk opplegg. Museet på Bokn har ei stor samling ting, og dei ligg og framme slik at publikum til nøds kan røra dei.



**Museumspedagog i Haugaland-museene, Tove Selås.**



**Meir eller mindre engasjert ungdom.**

Med ei slik rikhaldig samling er det spanande å sjå kva for nokre tilnærmingar dei forskjellige formidlarane legg opp til. Eg må seia at eg var svært imponert over Tove Selås sitt opplegg. Ho tok utgangspunkt i pensum og ba klassen gå på jakt i samlinga etter dekorarbeid.

Elevane deltok og såg ut til å trivast svært godt med dette. Etter denne runden var klassen samla igjen og fasit gitt. Ein liten runde med mølle på slutten gjorde det heile kjekt og uformelt.

**Eg tykte det var ein morsom og innhaldsrik time med ein dyktig formidlar.**

Fire klassar frå skulen var på museet 27. og 28. oktober. Om kvelden den 28. gjekk også Museumstafetten av stabelen, så huset blei godt besøkt den veka.

Tove Selås, som er lærarutdanna, er tilsett som museumspedagog i Haugalandmuseene (som Bokn er ein del av) i ei treårig prosjektstilling.

Direktør i Haugalandmuseene, Mads Ramstad, seier til Bokn Bygdablad at det kjem gode tilbakemeldingar på det arbeidet ho gjer.

**- redaktøren -**

## Formannskapsmøte 14. september

Sak 064/10
**KULTUR- OG MUSIKKSKULEN: EI ORIENTERING**

**Formannskapet sitt vedtak:**

1. Formannskapet tek saka til orientering.
2. Eventuell auke i aktivitet og nytt utstyr vil bli vurdert tatt inn i budsjettet for 2011

Sak 065/10
**KYRKJEBYGD KULTURHUS - OPPRUSTING OG OMBYGGING AV LOKALENE TIL PETRA**

**Formannskapet sitt vedtak:**

1. Kyrkjebygd dreneres innanfor ei kostnadsramme på kr 47.000,-
2. Formannskapet stiller seg positive til at Petra pusser opp kjellaren. Formannskapet løyver 1/3 av utgiftene opp til kr 50.000 under føresetnad av at ungdommane sjølv kan skaffe til veie resterande midler. Seksjon teknisk får ansvar med å fylgja opp saka vi dare.

Sak 066/10
**SKULESKYSS SKULEÅRET 2010/2011**

**Formannskapet sitt vedtak:**

1. Formannskapet tek til orientering det som er gjort for å få ei betre dekning for alle som bør ha tilbod om fri skyss.
2. Formannskapet avventar endeleg avklaring av dei økonomiske konsekvensane for kommunen før ein tek stilling til skyssordninga.

Sak 068/10
**SØKNAD OM GATELYS.**

**Formannskapet sitt vedtak:**

Det blei samrøystes vedtatt å sette opp gatelys både på Grønnestad og på Hognalandsvegen

Sak 070/10
**KJØP AV BOLIGTOMTER FØRESVIK**

**Formannskapet sitt vedtak:**

Bokn kommune kjøper 3 boligtomter med g.nr./b.nr.: 9/153, 9/154, 9/171 av Erling Sæbø på boligfeltet i Føresvik, til ein samla pris av kr. 74.487,- (kr. 24.829,- pr. stk.) + evt. oppmåling og tinglysningskostnader.

Sak 071/10
**TILBOD AV PROSJEKTMIDLAR**

**Formannskapet sitt vedtak:**

Bokn kommune takkar ja til prosjektmidlar pålydande kr. 40.000,-, og bruker dei til å engasjera "helseteamsjukepleiar" ut 2010.

Sak 073/10
**TV-AKSJONEN 2010 – TILSKUDD FRÅ BOKN KOMMUNE.**

**Formannskapet sitt vedtak:**

Formannskapet vedtok tilskudd til TV-aksjonen 2010 – Flyktningehjelpen på kr 21,- pr. innbygger.

## Formannskapsmøte 19. oktober

Sak 078/10
**Energi- og klimaplan for Bokn kommune – ut kast til offentleg høyring.**

**Formannskapet sitt vedtak:**

Samrøystes vedtatt med fylgjande merknad: Før planen blir lagt ut til offentleg ettersyn vil ein ha innarbeid konsekvensanalyse som viser kostnader for samfunn/enkeltpersonar.

Sak 079/10
**Søknad om overtakelse av restareal – Leirgrov.**

**Formannskapet sitt vedtak:**

Det blei samrøystes vedtatt å selja restarealet i tilknytning til søkjar.

Sak 080/10
**Rassikring i bustadfelt – Øyren.**

**Formannskapet vedtok:**

Samrøystes å gje rådmannen fullmakt til å gjera utgreiing av rasfaren på tomt gnr. 5 bnr. 26 innafor ei kostnadsramme på kr 40.000,-.

Sak 083/10
**Kommunal minibuss.**

**Formannskapet vedtok:**

Å kjøpa inn minibuss innafor ei prisramme på kr 600.000,- Administasjonen bes utarbeide eit reglement for betaling/leige av bussen og reglar for bruk og utleige.

## Kommunestyremøte 26. oktober

Sak 028/10 **Brannvernsamarbeid med Tysvær brann vesen.**

**Kommunestyret vedtok:**

Bokn kommune inngår samarbeidsavtale med Tysvær kommune om brannvern i henhold til avtaleforslag datert 05.05.2010. Samla kostnadsramme for avtalen er kr 325.200,- inkl. mva. Utgiftene legges inn i budsjettet for 2011.



Sak 029/10

**Gebyrer etter ny plan- og bygningslov § 33-1.**

**Kommunestyret vedtok:**

Med heimel i Plan- og bygningslova § 33-1, godkjenner Bokn kommunestyre gebyrregulativ for byggesakshandsaming for 2010, jamfør vedlagt forslag datert 2. juni 2010.
Nytt regulativ trer i kraft frå 01.07.2010.

Sak 030/10

**Budsjettkontroll 2010 - halvårskontroll.**

**Kommunestyret vedtok:**

Kommunestyret tar orienteringa om budsjett og rekneskap for 2010 til etterretning.

Sak 031/10

**Søknad om økonomisk bidrag til drift av inkubator**

**Kommunestyret vedtok:**

Bokn kommunestyre  vedtok med 13 mot 4 røyster å gå  inn i Ipark Haugesundregionen med driftsmidler i henhold til fordelingsnøkkelen som er angitt i saksutredningen, kr. 9.320,- for 2011. Bokn kommunestyre vedtor også at framtidige driftsmidler til Ipark Haugesundregionen bakes inn i de ordinære overføringene til Haugaland Vekst IKS.
Bokn kommunestyre er kjent med at Haugaland Vekst representerer eierkommunene i styret i Ipark Haugesundregionen.

Sak 032/10

**Planprogram - regionalplan Haugaland mot 2050.**

**Kommunestyret vedtok:**

Kommunestyret ser planprogrammet som eit godt utgangspunkt for utarbeiding av regional plan for Haugalandet. Ein vil likevel advare mot å gjere planen så omfattande at ein ikkje når i mål med planarbeidet innen rimeleg tid. Ein forutsetter at dei kostnadane med utarbeiding av plan må fordelast mellom Fylkeskommunen og kommunane.  Planen må synliggjøre dei muligheter som finnes i strandsona.

Sak 033/10

**Framtidig barnevernssamarbeid – BAS**

**Kommunestyret vedtok:**

1. Bokn kommunestyre vil sterkt beklaga at ein ikkje kom fram til eit forslag om etablering av eit felles barnevern for BAS-kommunane. Eit samarbeid som ville omfatta 6 kommunar med i underkant av 30.000 innbyggarar, ville kunna ha utvikla seg til ei robust barnevernsteneste, med stor grad av stabilitet, stor fagleg utvikling hos medarbeidarane og god kvalitet på barnevernsarbeidet.
Eit slikt samarbeid ville også ha kunna danna mønster for andre interkommunale samarbeidskonstellasjonar for BAS-kommunane mellom anna innan PP-tenesta og samhandlingsreformen.
Eit auka formelt samarbeid mellom BAS-kommunane ville også kunne styrka dei mindre kommunane sin posisjon både i forhold regional stat og helseforetaket og i forhold til dei 2 store kommunane på Haugalandet.

2. Kommunestyret vil be rådmannen fortsetta å arbeida for snarast å få til ein samarbeidsavtale om eit fullintegrert barnevern. Ein framtidig samarbeidskommune må ha eit barnevern som er robust, har god kompetanse og god kvalitet på barnevernsarbeidet. Formannskapet ser det som viktig at kommunens framtidige samarbeidspartnar også må kunne vere ein muleg samarbeidspartnar når det gjeld PP-tenesta og eventuelle prosjekt tilknytta samhandlingsreformen.

Sak 034/10

**Personalreglementer for Bokn kommune – revidering**

**Kommunestyret vedtok:**

Revidering av Bokn kommune sine personalreglement med tillegg i  Arbeidsreglementets pkt. 1 ”Omfang”, 2. avsnitt: ”lønna” tas inn i teksten.

Sak 035/10

**Trafikksikkerhetsplan for Bokn kommune 2010 –**

**Kommunestyret vedtok:**

Forslag til trafikksikkerhetsplan for Bokn blei godkjent, slik det framgår av dokument datert 12.10.2010, legges ut til offentlig ettersyn og sendes berørte parter til uttale.

## Minneord

**Jenny Are, fødd 27.06.1914, døydde 27.09.2010, 96 år gamal.**

Jenny er fødd og oppvaksen på Are. Foreldra var Lisa og Jakob Are, og ho var yngst av fem sysken.

Ho var eit arbeidsmenneske av dei sjeldne, inne som ute, helst ute. Ho hjelpte andre heile livet.
Fram til 1940 blei det 11 tantungar, og Jenny kom med si hjelpande hand, bar på vatn, ved og klesvask.

I 1944 blei systera, Marie, sjuk. Då flytta ho til Våga for å hjelpa til. Der blei ho verande i 59 år.

Jenny levde eit nøysamt og enkelt liv. Ho hadde sine meiningar. Måtte stella godt med mannfolka, la dei få mat og tørre klede - og bytta papir i støvlane.

Denne moderne reisinga med fly, nei, det likte ho ikkje. Ein måtte ikkje reisa lenger enn at me kom heim same dagen. Ho likte at folk arbeidde og la seg trøytte.

Jenny likte godt å få besøk, og ho kunne vera slagferdig og sosial. Dei stundene i stova hennar borte i Våga er nokre gilde minner for oss tantungar.

I 2003 flytta ho på Bokn sjukestove, der fekk ho god omsorg og pleie i sju år.

Og fekk sovna stille inn natt til 27. september.

Serie

# Kjæledyret mitt

Alle med kjæledyr kan vera med i serien.
Ta kontakt på post@bygdabladet.no
Tlf. 98 22 15 08

## Tornerose

Michelle Våga



Hei!!!

Eg er katten til Celine, Michelle og Sigvart Nathan, og heiter Tornerose. Eg er eigentleg fødd i Tysvær. Favorittmaten min er Thaimat og kattemat.

Eg er ofte inne, men eg pleier alltid å vere oppe på loftet og leike med ei kule (Celine, Nathan og Michelle likar ikkje den lyden eg lagar der oppe).

Ellers er eg veldig kosen og likar å ligge på fanget til nokon og bare sove (eg likar også å ligge i vindus-karmen om kvelden).

Når det er kveld og eg ikkje får vere inne, så kjem det alltid ein stor brun katt og skremmer meg. Han èt opp all kattematen min, og han og eg pleier alltid å slåst. Derfor har eg litt sår etter forrige kamp.

Uansett så likar eg å gå på jakt. Eg har allerede drept ein fugl, og det syntest ikkje dei andre var særleg fint. Men eg skal fange mykje meir. Når eg ikkje gjer noko, så pleier eg å ligge i eit skap ute. Dei andre skjønar ikkje korleis eg kjem meg opp der, men eg klatrar opp på ein kjeledress.

Neste gong fortel Endre Øvrebø om kalven Målfri.

## Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

**Fyrvegen 25 (Gnr 11, bnr 57)** er overdradd fra Arne Ognøy til Lars Egil Ognøy, Reidun Karin Ognøy Høyland og Svein Arild Ognøy

**(31.08.2010)**

**Andel av Fyrvegen 25 (Gnr 11, bnr 57)** er solgt for kr 1.800.000 fra Reidun Karin Ognøy Høyland og Svein Arild Ognøy til Lars Egil Ognøy

**(31.08.2010)**

**Boknatunvegen 34 (Gnr 9, bnr 161, seksjon 4)** er solgt for kr 1.385.000 fra Paulsen Byggsenter as til Anette Lundervold

**(27.09.2010)**

**Borgenvik Hytteområde 24 (Gnr 10, bnr 65)**
er overdradd fra Ragnvald Borgenvik til Roald Johan Borgenvik, Hilde Borgenvik Aadne, Inger Borgenvik, Jan Terje Borgenvik og Harald Borgenvik

**(27.09.2010)**

**Borgenvik Hytteområde 24 (Gnr 10, bnr 65)**
er solgt for kr 225.000 fra Roald Johan Borgenvik,Hilde Borgenvik Aadne,Inger Borgenvik, Jan Terje Borgenvik og Harald Borgenvik til Halvor Even Borgenvik og Hild Karin Borgenvik

**(27.09.2010)**

**Kjelde: Statens kartverk**

## Bygdabladet for 20 år sidan

**FRÅ NR. 8 1990**

### Terminalbygg på Arsvågen

Statens vegvesen har søkt Bokn bygningsråd om byggjeløyve for terminalbygg ved Arsvågen ferjeleie. I møte den 20.09.90 ga bygningsrådet løyve til at terminalbygget kunne oppførast.

Bygget som har eit totalt bruksareal på 480 kvadratmeter er i 2 etasjer. utanom venterom, kafeteria og ankomsthall i 1. etasje vil det bli utstillingslokale og kontor i 2. etasje. I tillegg ynskjer Televerket å føra opp ei kommunikasjonsmast i 10 meter høgd som ein del av bygget. Bygget er planlagd som trebygg med vanleg kledning og skifer på taket.

Serie

# Eg seie meg så

Birger Lindanger

**Konkurransen om gamle namn og seiemåtar på Bokn held fram med full kraft.**

Som nemnt ventar ein stor premie og mykje virak til dei som etter eit år, til sommaren att, går heilt til topps. Det er også tanken at me skal laga eit hefte med gamle og gode boknauttrykk.

Denne gongen var nok nokre av spørsmåla i vanskelegaste laget. Særleg baud uttrykket "hedlehesse" på vanskar. Så var dette også eit spesialuttrykk som kanskje ikkje har vore borti.

***PREMIE:***

***Eit cruise for to med boknafjords-ferja tur/retur Mortavika.***



**Hesplatre?**



**Fornaring?**

**Svara på den førre lista var fylgjande:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. | Brok | Bukse |
| 2. | Omfar | Ein omgang rundt, t.d. med spøtet eller fiskegarnet |
| 3. | Beina | Gjera nokon ei teneste |
| 4. | Bendel | Bandet som held saman kornbandet |
| 5. | Bisletud | Sladrehank |
| 6. | Reiva | Tøystykke ein tylla spedborn inn i |
| 7. | Pinsnyt | Pinfant, gjerrigknark |
| 8. | Hedlehesse | Den siste kaka som blei steikt på hedla |
| 9. | Dam dikje | Heilt stilt på sjøen |
| 10. | Tillfar | Tiljer, lause pla<br>ter ein trør på i botnen av ein robåt |

Trass at dette var vanskeleg, gjekk sjukestova heilt til topps med full pott denne gongen: ti av ti rette.

Hakk i hel kom Andor Borgenvik med ni av ti rette.

**MÅNADENS UTTRYKK**

**Kva betyr...**

1. Fornaring
2. Hiba
3. Ameras
4. Annige
5. Drevja
6. Litt på letten
7. Sjå hyren til
8. Gleib
9. Å vera klare
10. Hesplatre

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 20. november**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

**Du kan senda inn på fleire måtar:**

MAIL post@bygdabladet.no
SMS 98 22 15 08
BREV Bokn Bygdablad
Boknatun
5561 Bokn

**Brenn du inne med flotte boknauttrykk?**

Kom med dei til oss og få heidrande omtale i bladet!

I neste utgåve får du rette forklaringar og 10 nye uttrykk.

# Kulturkalenderen

Endringar og nye arr. er **utheva.**

**November**
02. Speidaropptak på bedehuset kl. 18.00
03. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus
03. Strikkekafé kl. 18-21, Kyrkjebygd kulturhus
05. Basar for ABR-senteret på bedehuset kl. 19.00
05. Petra fritidsklubb: Petrakveld, Kyrkjebygd kulturhus
07. Gudsteneste kl. 15.00 - Allehelgenssundag
08. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
09. Fest for eldre og funksjonshemma på Allrommet kl. 17.30 - arr. Bokn senior/brukarråd og Bokn Pensjonistforening
10. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus
11. Dagsenteret har basar kl. 18 i Allrommet; Boknatun
12. Kino i Auditoriet
14. Gudsteneste kl. 15.00 - 4-årsbok
16. Formannskapsmøte, budsjettmøte - dagmøte
17. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus
17. Strikkekafé kl. 18-21, Kyrkjebygd kulturhus
19. Petra fritidsklubb: Spelekveld/LAN - Bokn bibliotek
20. Julemarked på Coop Marked Bokn
20. NMS har misjonsmesse på Soknehuset i Tysværvåg kl. 11.00
21. Familiespeiding i skogen, Sunnalandsstraumen kl. 15.00, oppmøte ved Nils Bjørn
21. Bingo kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
21. NMS har møte påbedehuset kl. 19.00
22. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
24. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus
25. Bokn pensjonistforening har møte på Allrommet, Boknatun kl. 17.30
26. Kino i Auditoriet
**28. Julegranstenning kl. 16.00 - sjå s. 14**
28. Gudsteneste kl. 18.00 - Lysmesse. m/speidarpros.
30. Formannskapsmøte

**Desember**
01. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus
01. Strikkekafé kl. 18-21, Kyrkjebygd kulturhus
03. Petra fritidsklubb: Petrakveld, Kyrkjebygd kulturhus
07. Grautfest for speidaren
07. Forvaltningsstyremøte
08. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus
10. Kino i Auditoriet
12. Gudsteneste kl. 11.00
12. Luciafest kl. 18.30 - arr. Bokn musikkorps
14. Kommunestyremøte
**18. Julemiddag for ungdom**
19. Juletrefest på bedehuset kl. 15.00 - Arr.: Sundagsskulen og speidaren
**20. Julekonsert i Bokn kyrkje**
24. Gudsteneste kl. 14.00
26. Gudsteneste kl. 11.00
28. Juletrefest på bedehuset kl. 18.00 - Arr.: Frelsesarmeen og bedehusstyret
29. Petra fritidsklubb: Romjulskos, Kyrkjebygd kulturhus
31. Gudsteneste kl. 16.00

Det nærmar seg 2011 og planlegginga for kommande halvår er så smått i gong blant bidragsytarane til kulturkalenderen. Som vanleg satsar Bokn Bygdablad på å presentera kalender fram til sommaren neste år i desemberutgåva.

## Bokmelding



**"Morgen i Jenin" av Susan Abulhawa**

**- Palestinernes forbannelse er at vi er ofrenes ofre.**

Dette er den tragiske historien til fire generasjoner av den arabiske familien Abulheja som blir tvangssendt til en flyktningleir i Jenin.

Det hele starter med seksdagers krigen i 1948 hvor israelske nybyggere jager bort palestinske familier fra deres land, jord og hjem som de mener tilhører jødene, trass i palestinernes historie i det samme landet som strekker seg mange hundre år tilbake i tid. – Konflikten er like uløst som den er kjent, men det er derimot ikke nødvendigvis den palestinske historien som ikke har blitt fremstilt i litteratur på langt nær så mye som den israelske.

Et barn blir stjålet fra sin mor i alt kaos og forvirring, og vokser opp hos et israelsk ektepar, mens den eldre broren vokser opp med en sterk tilknytning til Palestinas motstandsbevegelse. Begge kjemper de sin sak, men på hver sin side helt til de en dag står ansikt til ansikt.

Det er en bok som forteller en vakker historie om forsoning og kjærlighet som gir livet mening mens ødeleggelse raser utenfor veggene, men som samtidig brutalt skildrer de umenneskelige massakrene begått i flyktningleirene.

Det er en bok om ikke å miste grepet etter å ha mistet alt gang på gang, og ikke minst om å være mor i en elendighet som resten av verden står og ser på med likegyldighet.

Man skal være nokså politisk blindet for ikke å erkjenne at Vestens ensidige støtte til den ene part er hovedårsaken til palestinernes lidelser de siste 60 årene.

Selv om karakterene er oppdiktede, er de basert på historiske skikkelser og biografier, og hendelsene er alt annet enn oppdiktede.

Noen ganger kan en bok forandre vår måte å tenke på.

**Hanne Marte Vatnaland**

## Gratulerer!



Den flotte mammen vår, **Randi H. Nilssen**, var 45 år 3. november.

Gratulera så masse med dagen!

Me e gla i deg.

**Hilsen Kristian, Henrik og Hanne**

# Gratulerer!

**Send bilde og tekst til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08**



Me vil gratulera Johnny og Elisabeth så masse med **Kornelius** så blei født 2. sep-tember :)

**Hilsen farmor, farfar og tante Vibeke**



Vi ønsker å gratulere **Lars Norekvål** med vel overstått 35 års dag, 19. september!

**Hilsen Ronny, Elisabet, Irmelin og Sunniva.**



**Elisabet Taraldlien**

Gratulera med dagen 29. september, som du feira i Tyrkia.

**Klem Margunn og Tore**



**Wiktor, 6 år 1. oktober**

**:) mamma og pappa**



**Ådne Norekvål, 1 år 3. oktober**

Gratulere med dagen!

**Klem fra mor og far**



Vi vil gratulere **Ådne Norekvål** med 1 års dagen 3. oktober!

**Stor klem fra onkel Ronny, tante Elisabet, Irmelin og Sunniva :)**



**Jonas Løvereide Faye, 11 år 6. oktober**

Vi gratulerer så mye med dagen!

**Klem frå tante Kristina, farfar og farmor**



Prinsesså vår, **Emilie**, blei født den 6. oktober på Haukeland sjukehus - 3630 gram og 52 cm lang.

**Stolte foreldre er Merethe og Arnt Willy**



**Ida Havikbotn, 11 år 7. oktober**

Gratulera så mye med dagen!

**Klem fra mor, far, Simen og bestemor**



**Mia Luna Vatnaland Arellano**

Gulljentå vår fylte sitt første år 9. okto-ber. Det blei feira stort! Du e d finaste på jord.

**Klem fra mamma og pappa, mormor og morfar, oldeforeldre, tippoldemor, tanter og onkler, og Båtsmann**



**Maja Vatnaland Eide, 2 år 10. oktober**

Me vil gratulera gulljentå våres med 2-årsdagen.

**Klem frå mormor, morfar, olde-foreldre og onkel Kjetil**



Me vil gratulera pappaen våres, **Arne Jarl Hatlem**, med 50 års dagen den 18. oktober.

Håpe du får ein fin dag sjølv om du er på jobb i Nicaragua....

**Klem fra Andreas, Kristian, Tobias og mamma**



**Agnes Sæbø, 43 år 19. oktober**

Gratulera så masse med dagen, goe mammen vår. Me e gla i deg!

**Klem fra Audhild og Veronika. Pappa hilse og :)**



**Mari Bokneberg, 12 år 20. oktober**

Gratulera sååå møje me dagen din.

**Hilsen Amalie og Marita :D**

# Partnerskapsavtale om folkehelse

Tore Bøe Olsen

**Bokn kommune er nå offisielt partnerskapskommune i folkehelse! På nettverksamling i Partnerskap for folkehelse i Stavanger 30. september, skreiv ordførar Kyrre Lindanger under på partnerskapsavtale om folkehelse.**

Avtalen er eit partnerskap mellom Bokn kommune, Rogaland fylkes-kommune og staten (Fylkesmannen i Rogaland), kor en er samde om å arbeida saman på ein måte som gjer at helsa blant innbyggjarane i Rogaland fremjes og at sosiale helseskilnader utjamnas.

**Bokn kommune kommune forpliktar seg gjennom avtalen til:**

- å leggje til rette for eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid gjennom forankring i kommuneplan og eiga organisasjon
- å inngå lokale partnerskap med frivillige organisasjonar og andre lokale aktørar
- å bevilga årlege midlar til folkehelsearbeid minst tilsvarande det fylkeskommunale tilskotet
- å tilsetje folkehelsekoordinator
- å satsa sitt arbeid på å styrka lokalsamfunnet sine moglegheiter for handling innan:
    - auka fysisk aktivitet
    - psykisk helse
    - inkluderande samfunn



**AVTALEN ER NETTOPP UNDERSKRIVEN: Frå venstre, rådgjevar folkehelse Elisabeth Wallace Haaland, fylkesrådmann Trond Nerdal (delvis skjult), ordførar Kyrre Lindanger og fylkesmann Harald Thune.**

Kommunen ønskjer spesielt å ha fokus på å skapa møteplassar for innbyggjarane. Møteplassar kor ein gjer ein aktivitet i lag med andre. At ein vektlegg både den fysiske og psykiske gevinsten, som det å treffast og gjera noko i lag gjev.

Vidare er ein svært oppteken av å skapa møteplassar, gjennom aktivitet, som fremjer felleskap og erfaringsoverføring mellom generasjonane. Altså fysisk og psykisk aktivisering på tvers av generasjonane.

Me ønskjer og med dette å byggja opp under identiteten til innbyggjarane i kommunen, med den tanken at det er ein stor helsegevinst i å vita kven ein er, og kor ein høyrer til!

## Julegrantenning 28. november



Bokn Røde Kors vil arrangere julegrantenning for liten og stor i år og.

Vi startar kl 16.00 i gymsalen på skulen. Det blir åresalg og sjølvsagt sal av kaker og kaffi.

Nissen har lova å stikka innom dersom det kjem nokre snille barn...

Ta med vener og kjente og møt opp!

**Helsing Bokn Røde Kors**



## Juletresal 2010



Som tidlegare år får Bokn Røde Kors fine tre frå Liv og Osmund Lund frå Sjernarøy.

Det vil bli lagt ut liste på butikken for førehandstinging. Førehandstinga tre kan bli leverte på døra, men det er fint om du tek ut treet dei dagane vi står på kaien.

Vi vil i tillegg selge tre i Føresvik laurdagane 11. og 18. desember. kl 09.00-16.00 - **Pris: 350 kr**

Det vil i tillegg bli lagt ut liste under julegrantenninga som ein kan skriva seg på.

**Ein kan og tinga tre via tlf. eller epost :**
**Kjell Frode 90 78 37 97**
**kjellfrode75@hotmail.com**



## *HIM ER NÅ FERDIG MED UTKJØRING AV MATAVFALLSPOSER OG PLASTSORTERINGSSEKKER*

Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM) er nå ferdig med utkjøring av matavfallsposer og sekker til utsortert plastemballasje. Alle husholdninger i Bokn, Etne, Haugesund, Tysvær og Vindafjord skal nå ha fått utlevert en forpakning med matavfallsposer og en rull med plastsorteringssekker.

Abonnenter som ikke har fått poser og/eller sekker kan få slikt hos Servicesenter/Tenestetorg i HIM-kommunene eller ved et av HIM`s mottak på Årabrot eller Toraneset. Du kan også kontakte HIM per telefon eller e-mail for utlevering. Abonnenter som ikke har tatt kontakt **innen 1. desember** må selv kjøpe slikt utstyr på vanlig måte.

Beregnet forbruk for en familie er tre matavfallsposer hver uke og en plastsorteringssekk hver 4. uke. Om du har større forbruk enn dette vil du gå tom for sekker og/eller poser før HIM deler ut nye neste høst. Poser og sekker kan da kjøpes hos din kommune, ved en av HIM`s betjente mottak og i mange dagligvarebutikker.

*Ved å sortere sparer du miljøet og får bedre plass i restavfallsbeholderen!*

# Student på Bokn legekontor

Kjetil Hamre

**Legestudent ved legekontoret**
**To uker i oktober hjalp legestudent Randi Johannesen Sandbekk til og la siste hånd på sitt studie ved legekontoret i Bokn.**

Hun er 28 år gammel og kommer fra en liten kommune utenfor Tønsberg i Vestfold. Hun ville jobbe med mennesker, og siden 6 års studie ikke skremte henne, var lege et ganske naturlig valg.

- Siden utdanningen skal være så allsidig som mulig, er det ikke før en er ferdig med utdanning og turnustjeneste at jeg virkelig tar valg for hvilken retning jeg tar med legeyrket, sier hun.

Hun synes at en praksis hos allmennlege er veldig interessant, og forteller at dette er noe hun vil vurdere seriøst når hun står som ferdig lege og turnus er over.

- Dr. Rønnevik er god til å forklare og kommer gjerne med innspill på ting jeg allerede lurer på, men ikke har spurt om enda.
En flott praksis tror hun hun får, og legger til at pasientene også tør slippe henne til, og det liker hun godt. Hun ser på miljøet Bokn har med tette bånd mellom ulike instutusjoner som en klar styrke, og at det virker som om alle drar lasset i samme retning. Før hun kom til intervju med journalisten, hadde hun et møte med helsesjef Tore Bøe Olsen. Så hun har allerede fått føle de små forholdene på kroppen. Jeg synes det er flott å ha så helhetlige forhold i praksis, sier hun og smiler.


**Legestudent Randi Johannesen Sandbekk foran kommuneoverlege Dag-Helge Rønnevik og sykepleier Anne Lise Nilsen.**

Hun er ferdig med utdanningen i desember så det venter mye lesing til prøver, men hun håper å få til noen turer i den fine naturen har å tilby.
- En tur til topps på Boknafjellet ville jeg sette høyt, sier hun, og det må vi jo si oss rimelig enige i.

**Takk for intervjuet og masse lykke til med eksamenene og med legegjerningen.**

# LAN/spelekveld på biblioteket

Tekst: Elisabet Taraldlien - foto: Kjetil Hamre

**Fredag 22. oktober arrangerte Petra fritidsklubb og Biblioteket LAN / spelekveld.**

Me starta kl 20:00, og allereie ti på åtte kom fyrste speleglade ungdom! Dei vart til slutt tjueto i talet, og dei mest dataspelande ungdommane sat oppe i ungdomsskulen si avdeling.

Nokre av ungdommane sat nede i bibliotekavdelinga, der det var lagt fram kort og spel. Ei stund var det gode gamle Kinasjakken som blei spelt!

Det virka som ungdommane hadde ein kjekke kveld, etter låten i alle fall, det va jo litt lått og løye. For dei svoltne, selde me pølse i brød, litt snop og brus. Alltid godt med noko varmmat på kvelden.

**Nasjonal speledag**
Allereie 19. november skal me arrangera spelekveld på biblioteket igjen, som markering av Nasjonal speledag. Då er innhaldet litt annleis. Og litt overraskingar! Ein vil framleis kunne ha med seg datamaskina si, og spele på den, men eg og Linda har ein plan! Me gler oss! Vel møtt :)

**Helsing Linda og Elisabet**


**Kort og spel i bibliotekavdelinga.**


**Dataspeling i ungdomsskulen si avdeling.**



# Bamsedag på biblioteket



Elisabet Taraldlien

**Endeleg var det Bamse sin fødselsdag, og tradisjonen tru, den blei feira stort på biblioteket - der Bamse Brun bur.**

Pynta til fest, sat Bamse Brun spent og venta til ungane frå Bokn barnehage, og andre born i alderen tre til fem, kom for å feire saman med han. I alt var det 34 born og 10 vaksne på feiringa!

Alle ungane hadde eit kosedyr med seg, og ungane fekk fortelje namnet sitt, og kva kosedyret deira heitte. Kjetil Hamre leste ei flott historie om Bamsen Lille Snø, ein isbjørn som ikkje ville ete isbjørnmat, men berre grønsaker.

Alle som ville, fekk smake på honning, yndlingsmaten til alle bamsar. Nokre av borna likte det veldig godt, og kunne tenkje seg meir enn berre ei teskje, mens andre ville ikkje ha.

Dagen blei feira med bollar og saft, og til slutt ein liten Bamsemumssjokolade, nam – nam! **Bamse Brun gler seg allereie til neste år!**





**Bilde, øvst: Kjetil Hamre viser bilder frå boka ”Lille Snø” - foto: Elisabet Taraldlien**

**Nedst: ”Hurra for deg som fyller ditt år” song me for bamsen - foto: Kjetil Hamre**

# Ny styrar i barnehagen

Kjetil Hamre

**Anne Ottem heiter den nye styraren i Bokn barnehage. Ho er 54 år og kjem opprinneleg frå Ålesund.**

Ho har førskolelærarutdanning, Arbeids og Organisasjonspsykologi frå UiB og ”Leadership in action” frå BI i Stavanger. I tillegg er ho coach.

Ho er godt skikka til å vera leiar, må ein nok seie. Med 25 års fartstid i barnehage har ho og mykje erfaring å bidra med.

Flytta hit og starta som vikar ved barnehagen i fjor. Det blei ganske raskt etter lyst ut leiarstilling som ho følte det naturlig å søkje på.

Anne hadde ingen tilknyting til Bokn, men familen flytta til Stavanger og kjøpte hytte med båtplass på Laupland.
- Vi er båtmennesker og mangel på båtplass i Stavanger gjorde dette valget lett. I tillegg er det så flott natur her ute, smiler ho.

**Reggio Emilia-pedagogikk**
I barnehagen blir det jobba med pedagogisk bevisstgjering av personalet. Anne er sjølv ein tilhengar av Reggio Emilia-pedagogikk som i hovudsak er opptatt av verkstadped. og medbestemmelse frå barnet, men det er ikkje sikkert at det blir denne retninga som vil dominera når plattforma til barnehagen er klar, ein gong utpå våren neste år.
- Kanskje ein endar opp med ein eigen Bokn-modell, det hadde vore gøy, seier ho.

- Eg trivst veldig godt med positive medarbeidarar rundt meg. Vi har vore på sjølvutviklingskurs i haust, og vi har mange måloppnåarar i gruppa, og det er ein styrke. Eg gler meg til å fortsetje med denne personalgruppa, den er veldig **positiv** og spanande, og det skal bli morosamt å vera med på utviklinga av Bokn barnehage.

**Kreativ**
- Sjølv er eg eit formingsmenneske, syr og strikker ein god del, og har gitt ut eit par handarbeidsbøker. Bøkene, og spesielt syinga, er ein morsom og kreativ prosess eg likar godt.

- Eg gler meg stort til fortsejinga ved barnehagen, avsluttar ho før ho må hasta til eit møte med ein del var personalgruppa. Eg kan bare ynskje lukke til vidare, både til Anne og til personalgruppa.



**Anne Ottem**

**Foto: Marie Vågshaug**

# Rehabilitering av leikeplassar held fram

Jardar Havikbotn

**I samband med finanskrisa i 2008 blei det løyvd statlege tiltaksmidlar frå regjeringa til kommunesektoren. Desse ekstraløyvingane var meint for kommunale tiltak til vedlikehald, oppgradering og rehabilitering av kommunale bygg, anlegg og vegar for å dempe effekten av finanskrisa. Bokn sitt tilskot var på totalt 772.000 kr. fordelt med 548.000 kr. som tilskot til vedlikehald og 224.000 som frie inntekter.**



**BETONG MÅ TIL: Fv. Albert Lindanger, Armand Svendsen, person frå Ølen Betong, Bjørnar Bryningsland, Børt Åge Øvrebø og Eline Øvrebø.**

Det blei då bestemt av formannskapet at to av leikeplassane som i 2006 blei rive etter kontroll av leikeplassinspektør, skulle rehabiliterast og setjast i stand. Det blei løyvd 150.000 kroner frå tiltakspakka. Det blei bestemt av formannskapet at arbeidet skulle starta opp på leikeplassane i Havnavegen Nord og i Fyrvegen.

**Dugnad**

I haust starta ein opp arbeidet med å setja i stand leikeplassen i Havnavegen Nord. Havnavegen Velforening organiserte dugnadsarbeidet, og etter tre ettermiddagar var dei fleste nye leikeapparata på plass. Dei nye, robuste leikeapparata er av stål og hardplast, og erstattar dei gamle leikeapparata som i all hovudsak var av tre.

Til nå er det montert mellom anna nytt reilestativ med trosse og fallmatter, balanseorm, balanse/sitjekuler og bananskli. Den opprinnelege sandkassen i tre er beholdt, men det er fylt på med eit lass ny sand.

Leikeplassen blei tatt i bruk då betongen var tørka, og dei nye leikeapparata blei tatt godt i mot av brukarane. Rehabiliteringa var kjærkomen og aktiviteten er stor, spesielt i helgene. Tiltaket er ein viktig ingrediens i folkehelsearbeidet, som er eit av satsningsområda i Bokn kommune. Målet er å få fleire barn og unge i bevegelse og fysisk aktivitet.

**Fyrvegen neste**

Dei statlege tiltaksmidla skal brukast innan utgangen av 2010 og planlegginga er komen godt i gang for rehabiliteringa av leikeplassen i Fyrvegen. Ein førebur i desse dagar bestilling av nye leikeapparat og organisering av dugnadsarbeidet.



**Montering av reilestativ.**

Det er framleis mange barn som soknar til denne leikeplassen, sjølv om husstandane i kjerneområdet nå har vaksne barn. Likevel vil denne leikeplassen få ein viktig funksjon som møtestad og arena for fysisk aktivitet når utvidinga av bustadfeltet i Fyrvegen er gjennomført.

**Privat** | **Næringsliv**


## NAUST VURDERES SOLGT

Naust m/uinnredet loft og tilhørende kaianlegg i egen molo vurderes solgt.

Tomteareal er ca. 185 m2
Grunnflate på naustet er 35m2.
Total kailengde ca. 20 m

Strandlinje mot Boknasundet er ca. 9m

**Kontakt Helge Kristian Nilssen**

**91 12 71 01 - 52 74 84 40**



## Behandling med

- Fysikalsk helsemassasje
- KST-teknikker m.m.

52 74 84 41 - 902 49 057

Ingunn Are,
Føresvikvegen 80

**Prøv ei annonse i Bokn Bygda-blad**

BYGDESERVICE
BOKN BYGDESERVICE BA
5561 BOKN - Tlf: 52 74 81 65

Har du noko arbeid du skulle ha gjort, vedlikehald, vaktmeistertenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

## Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - **www.thk.no/**

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og Elisabet Tarald-lien (40 41 65 15)**

**Bokn historielag**

Kveld med tema om lokale ord og uttrykk

Torsdag den 18.november kl. 19.00 vil Bokn historielag ha møte på allrommet.

**Bjørn Toft** frå Haugesund vil ha eit foredrag om eldre ord og uttrykk på dialekt som ikkje bør gå i gløymeboka

Enkel servering
Alle interesserte er velkomne

## Bruk refleks!

*TAKK!*

*Hjertelig takk for all deltagelse og blomster i anledning Jenny Are's begravelse.*

*Betjeningen ved Bokn sjukestove takker vi for god pleie og omsorg.*

*Familien*

*TAKK!*

*Vi vil takke hjertelig for all deltagelse i Jon Eik-sund sin bortgang.*

*En spesiell takk til personalet på sjukeheimen for en fantastisk pleie, en bedre plass å være på slut-ten av livet kunne ingen få.*

*Gunnvor, Jonny, Randi, Beathe og barnebarna*

coop marked

## COOP MARKED BOKN

coop marked

Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

# Der noen har en rettighet har andre en plikt

Hanne Marte Vatnaland

**Amnesty International** er verdens største uavhengige menneskeretts-organisasjon med nærmere tre millioner medlemmer verden over. Ved hjelp av disse medlemmene og 300 etterforskere på hovedkontoret i London som reiser rundt i verden for å dokumentere, har Amnesty bidratt til å stanse tortur, henrettelser og til å endre diskriminerende lover i mange land.

Annen hvert år blir det arrangert landsmøte som er åpent for over 54 000 norske medlemmer hvor nytt styre skal på plass, og ikke minst ny strategi skal legges for de neste seks årene. Denne gangen ble møtet arrangert i Tromsø 22-24 oktober, og det skulle vise seg å være en helg spekket med politikk, kultur og ikke minst debatt når de 250 påmeldte skulle påvirke Amnesty Norges fremtid.

Oppstarten var dedikert til ungdommen i form av en oppvarmingsdag på fredagen. Her ble det sosialt samvær, workshops, forberedelse til morgendagens flashmob samt møte med Nordens yngste kommunikasjonsrådgiver Even Sandvold Roland på knappe 20 år som ble kjent i media som "drittungen" da han i ett innlegg på nettsamfunnet Twitter forsvarte piratkopiering og ble skjelt ut av manageren i Warner Music. I Tromsø opplyste han entusiastisk om det han kaller for revolusjonerende digital demokratisering.

Digital teknologi i dag gjør det umulig for et diktatur å gjennomføre sensur av ytring og pressefrihet. Som eksempel på dette brukte Roland den ferske Nobelprisvinneren Liu Xiaobo (dømt til 11 års fengsel for å skrive sin mening om hvordan det kinesiske samfunnet bør organiseres), som ble kjent som prisvinner i hjemlandet Kina på Twitter ved hjelp av aktivister som kan kunsten å unngå kinesiske brannmurer, ettersom Twitter er sensurert i Kina.
Samtidig stiller den digitale hverdagen store utfordringer til aktivisme på nett, da vi har tilgang til, og får skyllet over oss enorme mengder med informasjon. Dermed blir nåløyet lite for aksjoner som ønsker vår oppmerksomhet.

Sannheten er at det å bli "medlem" eller "fan" av en gruppe på Facebook som gjør at det skjer noe online, ytterst sjelden fører til at noe skjer offline. Selv om Facebook gruppen "Free Liu-Xiaobo" i skrivende stund har rundet 12 000 medlemmer, er det tvilsomt at kinesiske myndigheter av den grunn velger å løslate ham…
Dermed kan dette gi oss en "falsk" følelse av aktivisme man har valgt å kalle "slacktivism".
Ungdommens fremmøte har aldri tidligere vært så bra som i år, og det er et solid bevis på at ungdommen blir mer og mer bevisst på og aktive i samfunnet rundt seg.



**Artikkelforfattaren og Santiago Arellano (th.) var på landsmøtet 22.-24. oktober. Her saman med generalsekretær John Peder Egenæs.**

Lørdagen var den offisielle åpningen av landsmøtet for resten av delegatene som strømmet til fra hele landet pluss litt til. Amnesty International som organisasjon har sett den bærekraftige faktoren av det å samarbeide med andre organisasjoner som Natur og Ungdom, SOS Rasisme, Redd Barna osv, og listen er like lang som den er viktig. Tenk bare hvilken utrolig samling av kompetanse og engasjement det vil bli i slike fremtidige samarbeid, og ikke minst det viktige signalet til samfunnet og verden det gir; - at bunn og grunn vil vi alle det samme.

Tove Romsaas Wang som er generalsekretær i Redd Barna illustrerte hvordan alt henger sammen når vi har å gjøre med utfordringer innenfor fattigdom og menneskerettigheter. I land som har den høyeste barnedødeligheten i verden, skyldes 90 % av dødsfallene lett forebyggende årsaker. Analfabetisme hos mødrene gjør dem ute av stand til å lese på melkeerstatningspakkene hvor det står hvor mye som skal blandes ut, og ikke minst at vannet skal kokes først. Slik har det seg at mange barn dør av diaré og dehydrering, og slik har det seg at Redd Barnas ekspertisefelt henger sammen med Amnestys.

- Blir kvinners rett til utdanning innfridd, fører dette både til en bedre familieplanlegging hvor kvinner får færre barn med større mellomrom senere i livet, de blir bedre utrustet til å ta vare på sin egen og sine barns helse og hele familiens økonomiske situasjon forbedres. Dette er kun et spørsmål om likestilling i prioriteringene om bistand, og slett ikke om store økonomiske bidrag.

Også Amnestys egen generalsekretær satte i gang tankeprosesser på landsmøtet. Han la vekt på den brøkdelen av de menneskene på flukt som lykkes i å reise fra elendigheten i hjemlandet sitt, og den brøkdelen av disse flyktningene igjen som kommer til Norge for der å bli stemplet som farlige lykkejegere og en trussel mot vår velferd og trygghet. Det er mer enn greit, faktisk helt på sin plass å gå ut i full offentlighet og være stolt over å "stramme" inn, sperre grenser, å "avsløre" disse skjebnene og kaste dem tilbake til de farlige områdene de kom fra, som for eksempel Somalia og Hellas (noe som faktisk frarådes av FN).
Dette følsomme temaet ble også tatt opp på kveldens festmiddag av Amnestypris 2010 vinner Margreth Olin. I en rørende takketale fortalte hun om sitt personlige arbeid og engasjement innen menneskerettigheter som filmskaper. Hun arbeider med ett nytt prosjekt og vi i salen fikk se bilder hvor hun hadde møtt en mindreårig asylsøker fra Irak som hadde sonet flere dommer og var blitt overflyttet fra fengsel til fengsel. Etter å ha mistet sin far fikk han en stefar som mishandlet og kastet ham ut på gaten. Da denne stefaren forsøkte å drepe han hjalp en onkel han med å flykte ved å bli smuglet til Tyrkia hvor han flyktet videre etter å ha sittet 7 måneder i fengsel i Tyrkia som 11-åring.

Da han kom til gatene i Norge, fortsatte han å leve som han hadde gjort på gatene i Iran. Derav de flere fengselsoppholdene.
Det siste Olin så til han, var på flyet til Amsterdam hvor hun ikke fikk følge ham videre deretter. Han var nå fylt 18 år og kunne kastes ut av den norske stat, og tilbake til der han kom fra. For tiden bor han på gaten i Hellas.

Selv om Salil Shetty, generalsekretær i Amnesty International meldte avbud, var det flere gjester som kom langveisfra. Paul Eagle fra England kom for å fortelle hvordan kampanjen mot Shells oljesøl i Nigeria var blitt til fra London og spredte seg ut over hele nettverket. Aktivist Robert Odhialo kom fra Kenya for å fortelle om hvordan det arbeides for å styrke rettighetene til slumbeboere i Afrikanske land, og på podiet var også den iranske forsvarsadvokaten Mohammad Mostafaei som har reddet mange samvittighetsfanger fra henrettelse, blant annet den mye omtalte saken til Sakineh Mohammad Ashtiani som ble dømt til steining. Mohammad Mostafaei måtte flykte fra Iran på grunn av trusler og forfølgelse fra myndighetene, og bor for tiden i politisk asyl i Molde.

Tenk på alle de menneskene som *ikke* har blitt henrettet, og som *ikke* er blitt fengslet uten lov og dom på grunn av at det har blitt så mye vanskeligere siden 1990.
**Neste år fyller Amnesty 50 år, og har på den tiden forandret verden.**

INVITASJON

# Hva får DU i pensjon?

## - Lyst til å finne ut av det?




**SpareBank 1 SR-Bank er opptatt av å gi deg som kunde gode opplevelser, og har gleden av å invitere deg til en nyttig, spennende og underholdende kveld.**

**Program for kvelden:**

- Den nye pensjonsreformen v/ Ingrid Skjæveland
- "Cecilies verden" Cecilie Skog forteller om sine utrolige opplevelser, og om egen drivkraft og motivasjon for å nå sine mål. www.cecilieskog.com
- Innslag fra Chistina Bjordals Artistskole

Enkel servering.

**Dato:** Mandag 15. november 2010
**Tid:** Kl. 19.00 - ca kl. 21.00
**Sted:** Rica Maritim, Haugesund

Påmelding på www.sr-bank.no/arrangement innen torsdag 11. november.

Velkommen!

*Ta gjerne med en venn!*

Bank. Sparing. Og deg.

SpareBank 1 SR-BANK


JULEMARKED
Lørdag 20.november
kl. 10-14
Barnekoret
synger
kl 11.30
• Smultringmannen kommer
• Salg av hjemmebakst
• Salg av " Ting og Tang"
• Kafé
• Tegnekonkurranse
• Mange gode juletilbud!
Nissen
kommer
kl 12
Hilsen alle oss på Coop Marked Bokn
Godt vi har hverandre
coop
marked

# "Kjekt på Pepparkake-Bokn"

## Vil du / dokke vere med å lage ein pepparkakeby på Bokn?

**Alt kan lagast!!!**
**Eige hus, andres hus, fantasihus, Boknabrua, traktor, brannstasjon, Bokn kyrkje, fleirbrukshall, naust, fyr...**

Bakverket kan leverast inn til servicetorget frå 15. november, SISTE FRIST er 10. desember!

Det blir premiering av beste/mest kreative bakverk

**Fagjury består av forvaltningsstyret.**
**Vinnarar kunngjerast på Lucia-festen 12. desember.**

For meir informasjon, kontakt servicetorget, sjå på kommunen si nettsida og flygeblad.

## Næringsliv

### Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

### Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.
Pris pr. veke kr. 4.000,- + moms.
Pris pr. dag kr. 100,- + moms
for leige av vridbar pusseskuffe.

**Kontaktpersoner:**
John Magne Lie - 909 24 964
Kjell Frode Lie - 907 83 797

### HÅRSMIÅ

Alle er hjertelig velkommen
til ein klipp her på HÅRSMIÅ.

Du får den 5. klippen gratis.
Dette gjelder både barn og
voksne,inkludert dei som ønsker
å bli klipt hjemme.

Eg har åpent hver dag, klipper gjerne
på lørdager om eg er hjemme.

**52 74 86 47 - 46 44 29 20**

**Med vennlig hilsen**
**Mona på Hårsmiå**

### FRISØRROMMET PÅ BOKNATUN

Mine åpningstider er
tirsdag t.o.m. fredag.

Partalsuker: kl. 09-16

Oddetallsuker: fleksible åpningstider

**Hilsen fra Anita**

**99 32 55 34 - 52 74 85 34**



### Bokn bibliotek

**Opningstider:**

Mån. 16.00 - 19.00 (Prøveordning 2010)
Tys. 09.00 - 13.30
Ons. 16.00 - 19.00
Tors. 09.00 - 13.30

## Div. tenester på Boknatun, m.m.

### BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt
onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 – 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring
Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS,
sjå www.bokn.no for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig
kapasitet!

**Dag-Helge Rønnevik - lege**

### HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar,
onsdagar og fredager kl. 8-15.30 -
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil
46 93 69 65

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet
mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40
41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helse-
stasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte
kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

### VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng
skyss til å komma deg frå ein stad til
ein annan? - t.d. til lege, ulike tilstel-
ningar, handla på butikken, m.m.

For å avtala tid, ring **94 14 47 35** -
helst dagen før eller lengre tid på
førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til
sjåføren.

**- Kr. 3,50 pr. km + kr. 0,50,- pr.
km for kvar ekstra passasjer.**
**- Minstepris kr. 100,-**

### DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivitør**

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

**Bjørn Bruaset - jordbrukssjef**

### NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

**Unn A. Mustaparta - leiar**

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

**Me kan t.d. hjelpa deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11**

**E-post: post@bokn.kommune.no**

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00
ved fysioterapirommet.

**Enkelte laurdagar etter avtale.**

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling
tlf. **52 74 83 98** / 99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

A-Blad
Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

# Filmgjengen

Kjetil Hamre

**Eg møtte tre glade og fnisete jenter i det som skal bli filmklubben sine lokale i Petra-huset på Kyrkjebygd ein onsdag kveld.**

Dei presenterer seg som Maria Banaszkiewicz, Regine Nilsen og Benedicte Mæland. Kuntnarspirer, ja, men film? Eg vart nysgjerrig og starta med bakgrunnen deira.

Maria kunne fortelle at ho gjekk 1 studiespesialisering på Vardafjell og var 16 år, Regine gjekk siste klasse på ungdomsskulen på Bokn, fylt 15 og Benedicte gjekk på Design og Håndverk Vg1 på Haugaland skule, 16 år, nei dette måtte rettast med ein gong- og eit halvt år var viktig å få med. Martin Trosnavåg blei nemnd som ein viktig brikke i å bygge opp filmmiljøet på Bokn.

**Lærerike kurs**
Filminteressa blei vel ikkje vekka sånn utan vidare, undra eg.
- Nei egentleg ikkje, det var vel gjennom ulike kurs me blei verkeleg interesserte, seier dei tre.

Det starta med eit kurs på Hemmingstad. Det var veldig teoretisk, men også veldig gøy. Dette ga lysten til fleire kurs, og til nå har dei tre kurs i bakhand når dei startar med studioet.
- Det blir fleire kurs, seier jentene skråsikkert, me lærer utruleg mykje på dei.




Film i skotet!

**Spesialisering**
Dei er også skråsikre på kva dei vil spesialisere seg innan.
- Regissør, sier Regine, for eg liker å ha kontroll.
- Sminke og spesialeffekter, seier Benedicte.




Fnisete, men seriøse filmskaparar.

Og då blir det vel mest manus på Maria.
- Men eg er nok mest allsidig, fortel ho.

Dei håpar Martin vil bli produsent.

- Eg har allerede laga manus til ein kortfilm me har laga, seier Maria. Eg skreiv 17 sider, men satt igjen med ca. 9 etter at me hadde gått kritisk gjennom det, sukkar ho.
- Me har jo ikkje råd til å krasje to bilar heller då.

Dei gler seg til studioet kjem i gong. God drahjelp får dei av Haugaland Vekst, men kunne sjølvsagt ønske seg meir. Redigeringsverktøy hadde vore topp, seier dei, og sukkar, men det kostar fort 20 000 kroner. Sponsing hadde vore kjærkomment.

**Engasjerte**
Dei har fått PC og filmkamera og skal lage ein greenscreen til filming inne. Denne bakgrunnen gjer det lettare å redigere og kontrollere miljøet, fortel dei.
Regine har eit manus ho arbeider med, og Maria seier at ho har opp til fleire som ikkje er heilt ferdige enno. Dette lovar godt for den engasjerte ungdommen.

Skodespelarar, spør eg då som eg må gjere i journalistrolla, ingen kjekke boknarar i kikkerten der?
Flirande må dei seie nei til dette. *Boknwood* ser kanskje allerede ut over grenser, og det skal dei jo få lov til.
Men eg er enno overbevist om at eg kunne gjort det godt i ein romantisk komedie. Med eit sukk må eg vel innsjå at det ikkje er gjennom film eg skal bli berømt.

**Lykke til, alle saman. Det skal bli spennande å sjå kor denne skuta vil ende.**